

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kinn kontrollutval  
**Møtestad:** Flora Samfunnshus - Speilsalen  
**Dato:** 22.09.2021  
**Tid:** Kl. 09:00 – 15:00.

---

**Medlemmar som møtte**

Aud Norunn Vig  
Bjørn Hollevik  
Kjell Heggen

**Reprenterer**

**Funksjon**

medlem  
nestleiar  
leiar

**Forfall**

Helen Hjertaas  
Tom Andre Hopland

**Reprenterer**

**Varamedlem**

Rune Otto Nilsen  
Bjarne Holme

**Reprenterer**

**Andre som møtte:**

Vest kontroll:  
Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Vestland revisjon:  
Asgeir Tveit. Dagleg leiar/revisjonssjef

**Kommunen:**

Terje Heggheim. Kommunedirektør. I sakene 41, 42, 43, 44, 47, 48, deler av 49 og 45. Gikk kl 12.15.

Berit Seljeseth Osa. I sakene 41, 42, 43, 44, 47, 48, deler av 49 og 45. Gikk kl. 12.15.

Linda Nipen. Kommunalsjef økonomi. I sak 45. Gikk kl. 12.15.

Rolf Bjarne Sund. Kommunalsjef. I sak 46-09. Kl. 12.25 – kl. 13.45.

**Florø Parkering AS:**

Anita Eikevik. Dagleg leiar. I sak 46-10. Kl. 10.45 til kl.11.30.

**Aksello AS:**

Lone Bareksten. Dagleg leiar. I sak 46-11. Kl. 12.15 – 13.00.

Rune Nilsen fekk permisjon og gikk kl. 13.50 under restbehandlinga sak 49. Han var ikkje med på behandlinga av sakene 50, 51 og 52.

I sak 49 var då 4 som røysta.

Aud Norunn Vig fekk permisjon og gikk kl.14 og var ikkje med på behandlinga av sakene 50, 51 og 52.

I sakene 50, 51 og 52 var tre med i behandlinga og røystinga.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
41/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/342
42/21	Godkjenning av protokoll	21/342
43/21	Skriv og meldingar	21/342
44/21	Utsett frist forvaltningsrevisjon	21/350
45/21	1. tertialrapport 2021 med revidert budsjett - Kinn Kommune	21/360
46/21	Orienteringar	21/342
47/21	Kinn kommune. Etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga 2020	21/351
48/21	Vestland Revisjon. Rekneskap, årsmelding og Openheitsrapport 2020	21/348
49/21	Vestland revisjon. Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon	21/349
50/21	Budsjtt for kontrollutvalet 2022	21/355
51/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/342
52/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/342

Stad, 27.09.2021

Kjell Heggen

## 41/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, med disse endringane i behandlingsrekkefølga: sak 41, 42, 43, 44, 47, 48, 49, 45, 46-10, 46-11, 46-9, 50, 51 og 52. Behandlinga må elles tilpassast i tid til dei som er innkalla for å orientere.

### Behandling:

Rune Nilsen og Aud Norunn Vig opplyste at dei må ha permisjon om ikkje møtet er ferdig til ca. kl. 13.45.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## 42/21 Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## 43/21 Skriv og meldingar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
14/21	Alle vet nå hva reformen krever av kommunene
15/21	Frå bladet kommunal økonomi mai 2021 - Leder Beredskap
16/21	Rapport - ekstern undersøking i samband med Nordfjord Havn IKS

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Behandling:

Kommunedirektøren opplyste at det vert orientert om kommunen sin beredskap i

samband med kommunalsjefane si generell orientering til kontrollutvalet i dei komande møta. Kommunalsjef Oppvekst vil også orientere om barnevernreformen.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

## **44/21 Utsett frist forvaltningsrevisjon**

**Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek at Vestland Revisjon får utsett frist med å levere forvaltningsprosjektet Arbeidssituasjonen innan Pleie og omsorg innan 15.12.2021. Ordføraren må vurdere utsetjinga i høve eventuelle krav/ynskje frå kommunestyret.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek at Vestland Revisjon får utsett frist med å levere forvaltningsprosjektet Arbeidssituasjonen innan Pleie og omsorg innan 15.12.2021.

## **45/21 1. tertialrapport 2021 med revidert budsjett - Kinn Kommune**

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten og finansinformasjon for 1. tertial 2021 samt orienteringa om Ressursbrukmodellen til vitende.

**Behandling:**

Når det gjeld 1. tertial viser ein til saka og vedlagde dokument. Kontrollutvalet var same om at Kommunedirektøren v/kommunalsjef Linda Nupen/Nipen orienterer med fokus på Ressursbrukmodellen - utvikla av KS.

Dei vil i første møte i kontrollutvalet etter at 2. tertial rapporten er ferdig orientere.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten inkl. finansinformasjon for 1. tertial 2021 til vitende.

## **46/21 Orienteringar**

**Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
09/21	Orientering om Samfunn, kultur og miljø ved kommunalsjefen
10/21	Florø Parkering AS. Orientering om selskapet, rekneskap og årsmelding 2020
11/21	Aksello AS. Orientering om selskapet, rekneskap og årsmelding 2020

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

**Behandling:**

Orientering 09/21 Samfunn, kultur og miljø. Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund.  
Orientering 10/21 Florø Parkering AS. Dagleg Leiar Anita Eikevik.  
Orientering 11/21 Aksello AS. Dagleg leiar Lone Bareksten.  
Orienteringane var veldig bra og ga kontrollutvalet god innsikt i oppgåver, ansvar m.v. i Sektor for Samfunn, kultur og miljø, i Florø Parkering AS og Aksello AS.  
PowerPoint frå dei ulike orienteringane er tilgjengeleg på orienteringssakene.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

**47/21 Kinn kommune. Etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga 2020****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonen sin uttale om etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga i kontrollen av etterleving av reglane om utarbeiding av protokoll eller annan dokumentasjon for kjøp/investeringar i intervallet 100.000 kr til 1.300.000 kr.

**Behandling:**

Dagleg leiar i Vestland Revisjon orienterte og svara på spørsmål.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonen sin uttale om etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga i kontrollen av etterleving av reglane om utarbeiding av protokoll eller annan dokumentasjon for kjøp/investeringar i intervallet 100.000 kr til 1.300.000 kr.

## **48/21 Vestland Revisjon. Rekneskap, årsmelding og Openheitsrapport 2020**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitende Rekneskap, årsmelding og Openheitsrapport for Vestland Revisjon.

### **Behandling:**

Dagleg leiar i Vestland Revisjon orienterte og svar på spørsmål.

### **Dagleg leiar s tilråding:**

Kontrollutvalet tek til vitende Rekneskap, årsmelding og Openheitsrapport for Vestland Revisjon.

## **49/21 Vestland revisjon. Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2021 for Kinn kommune.

### **Behandling:**

Revisor ville kome inn på tilhøve i planlegginga som er unnateke offentleg innsyn. Kontorllutvalet vedtok då å lukke møtet. Jf. Offl. § 24 1 .

Revisor orienterte og svara på spørsmål.

Det vart pause i saka saka kl 10.45, då Florø Parkering hadde fått tidspunkt for si orientering. Møte vart difor opna igjen.

Resten av revisor si orientering vert å ta igjen seinare i møtet.

Saka var opna igjen kl. 14.12 og møtet vart igjen lukka då revisor fortsatte si orientering om revisjonplanlegginga 2021.

Etter revisor sin gjennomgang var møtet opna igjen.

Rune Nilsen fekk permisjon og gikk kl. 13.50 under restbehandlinga av sak 49. Han var ikkje med på behandlinga av sakene 50, 51 og 52.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitende Vestland Revisjon sin plan for finansiell revisjon 2021 for Kinn kommune.

**50/21 Budsjtt for kontrollutvalet 2022****Vedtak:**

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve ei ramme på kr 240.000 til bruk for kontrollutvalet som organ i 2022.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve ei ramme på kr 240.000 til bruk for kontrollutvalet som organ i 2022.

**51/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet****Vedtak:**

Sekretariatet sjekkar opp med kommunedirektøren om avtalen med Bistro tokokker i høve samfunnshuset er ferdig. Utvalet ber om tilbakemelding til neste møte.

**Behandling:**

Det vart stilt spørsmål om avtalen med Bistro To kokker i høve Samfunnshuset no var ferdig.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

**52/21 Saker til eventuell seinare behandling****Vedtak:**

Kontrollutvalet viser til det som er kommet frem i pressa angående lekksje av taushetsbelagt informasjon, og ønsker en skriftelig redegjørelse fra ordfører og kommunedirektør.

Kontrollutvalet kaller inn ordfører og kommunedirektør på et senere møte for å få belyst saken.

Kontrollutvalet vil etter en slik gjennomgang ta stilling til om en skal gå vidare med

saken.

**Behandling:**

Bjørn Hollevik tok opp spørsmål i høve til konflikten mellom ordfører og gruppeleiaren i Høgre, i høve lekasje av opplysningar som var unnateke offentleg innsyn.

Stikkord frå det som kom fram i drøftingane:

Generelt: Koreis er informasjonsflyten i saker der nokon har fått amnet sit unnateke offentleg innsyn frå søkjarlista. Korleis er samhandling mellom administrasjon og politikk i slike saker og koreis vert regelverket praktisert. Kven har tilgang til den offentlege søkjarlista.

Spesielt for denne saka: Kvar har ordfører fått opplysningane om søkjarar til den aktuelle stillinga der gruppeleiaren i Høgre var ein av søkjarane som hadde fått innvilga unntak av namnet sitt i den offentlege søkjarlista.

Etter drøftinga kom leiaren i kontrollutvalet Kjell Heggen med flg. forslag til vedtak: Kontrollutvalet viser til det som er kommet fram i pressa angående lekksje av taushetsbelagt informasjon, og ønsker en skriftelig redegjørelse fra ordfører og kommunedirektør.

Kontrollutvalet kaller inn ordfører og kommunedirektør på et senere møte for å få belyst saken.

Kontrollutvalet vil etter en slik gjennomgang ta stilling til om en skal gå vidare med saken.

Det vart røysta og forslaget vart samrøsytes vedteke.